



Kjell Egil Mjelstad
Langheiane 39
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19327 - 22/61452

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
15.08.2022

Avvist søknad om innglassing av altanar - gbnr 188/770 Gjervik ytre

Administrativt vedtak.

Saknr: 874/22

Tiltakshavar:

Edgar Jon Vågenes

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om innglassing av altan med takoverbygg avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Saka gjeld søknad om innglassing av balkong med takoverbygg, knytt til leilegheit i tredje etasje i sameige «Lonshaugen», gbnr 188/770 Gjervik Ytre. Innglassinga er ein del av ein større altan, og sidene får skyvedør slik at arealet også skal kunne nyttast opent. Glasveggane er tenkt monterte på innsida av eksisterande rekkverk i glas. Aluminiumskonstruksjonen skal være i tilnærma lik farge som det eksisterande rekkverket, og glastype skal dimensjonert etter vindforholda på staden.

Det vert vist til søknad motteken 04.11.2021.

Planstatus

Tiltaket ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen Langheiane – B6 og B7, Plan ID nr. 1263 – 201003, der område er avsett til bustadblokker B7.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Styret i sameiget «Lonshaugen» har gitt samtykke til tiltaket.

VURDERING:

Sameige «Lonshaugen» omfattar 38 seksjonar som er fordelt på 3 bygningar som ligg orientert mot vest. Det er ein av bebuarane som søker om å få innglassa deler av sin altan med takoverbygg. På sikt kan det vere aktuelt for andre bebuarar å søkje om å glassa inn altanane deira, anten som fasadeendring for dei som allereie har overbygd altan, eller ved oppføring av tilbygg for dei som ikkje har takoverbygg.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Det vart i brev av 14.12.2021 gitt tiltakshavar informasjon som gjeld søknaden. Det blei opplyst at tiltaket krev ansvarleg føretak, og at dersom tiltaket er i strid med reguleringsplanen eller lovverket så må det søkjast om dispensasjon. Vidare, at det er kommunen si vurdering at innglassinga må skje med ei felles utforming, og må gjennomførast som eit felles prosjekt der alle altanar inngår.
2. Det er i tidlegare avist søknad (administrativt vedtak sak nr.423/21) som omfattar mellom anna omsøkt tiltak, opplyst om manglar ved søknaden. Etterspurde fasadeteikningar over dei aktuelle bygga i sin heilskap, som syner innglassing av alle balkongane, føreligg heller ikkje ved søknaden som no ligg føre. Administrasjonens vurdering var at dette er naudsynt for å kunne sikre ei felles utforming av tiltaka for alle seksjonane, og for å kunne vurdere tiltaket i sin heilskap.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det i ettertid har kome inn utfyllande eller etterspurt dokumentasjon som gjeld tiltaket. Kommunen vurderer at søknaden slik den no føreligg, ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4. Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjell Egil Mjelstad

Langheiane 39 5914

ISDALSTØ